

Museum - eller ikkje?

A. Gå saman 2 og 2 og sjå gjennom denne lista. Alle desse forstår seg som museum, men er dei det?



1. The Garbage Museum, USA

Samlar på boss som dei presenterer i utstillingane sine.

Museum?	JA	NEI
---------	----	-----



2. Løgnmuseum, Tyskland

Alt i dette museet er usant eller unyttig. Museet sin bygning ser t.d. gammal og ærverdig ut, men er frå moderne tid.

Museum?	JA	NEI
---------	----	-----



3. Kataombane, Paris

Underjordiske steinbrot som seinare vart nytta som beinhus, altså ein oppbevaringsstad for knoklar.

Museum?	JA	NEI
---------	----	-----



4. Auschwitz-Birkenau Memorial and Museum, Polen

Publikum får besøkje den tidlegare tyske nazi-konsentrasjons og utryddingsleiren.

Museum?	JA	NEI
---------	----	-----



5. Museum of Worker Housing, Helsinki

Hus som viser korleis arbeidarane budde før.

Museum?	JA	NEI
---------	----	-----



6. International Museum of Toilets, New Dehli, India

Presenterer toalettanlegg frå ulike tider og stader i heile verda.

Museum?	JA	NEI
---------	----	-----



7. Saltgruva Wieliczka, Polen

Gruva er ein av verdas eldste saltgruver der menneske tok ut salt og anla ein heil by under jorda.

Museum?	JA	NEI
---------	----	-----

B. Kva må til for at vi kan kalle ein stad for museum?

Drøft og finn minst tre kriterier som eit museum må oppfylle.

-

-

-

Til læraren:

Definisjonen av eit museum er slik:

"Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed." (I.C.O.M.1974)

Alle musea i lista ER museum og oppfyller desse kriteria. Dei har dette til felles:

- Dei er lokalisert på ein spesiell stad, bygning/gruve/ landskap osv.
- Alle fortel noko som er relevant for menneske og fører til at publikum startar å tenkje etter. Alle museum vil at publikum lærer om noko:

Garbage: bruk og kast-samfunnet, miljøureining

Løgn: Omgang med sanning, løgn og bedrag. Aktuelt stikkord: Fake news

Katakombane: Historia til denne staden, korleis vi tek vare på dei døde, døden.

Auschwitz: Nazisme, folkemord.

Arbeidarbustad: Bustandard. Sjå korleis arbeidarane levde i høve til korleis vi lever.

Toalettmuseum: Hygienespørsmål, sjukdom, levestandard, fattigdom.

Saltgruva: Utnytting av naturressursar, kor viktig salt var og er osv.

- Alle viser gjenstandar/spor frå no- eller fortida som er gjort tilgjengeleg for publikum og er arrangert i ei utstilling. Ei samling av gjenstandar var opphavelig kjernen til dei fleste museum. No er óg **praksisar** knytt opp til gjenstandane verna, kalla den immaterielle kulturen*

*Frå **UNESCO** sin konvensjon om vern av **immateriell kulturarv** 2003:

«Immateriell kulturarv betyr praksis, framstillinger, uttrykk, kunnskap, ferdigheter, – samt tilhørende instrumenter, gjenstander, kulturgjenstander og kulturelle rom, - som samfunn, grupper, og i noen tilfeller, enkeltpersoner anerkjenner som en del av sin kulturarv.”